







## FØRDE KOMMUNE

## MØTEBOK

## KONTROLLUTVALET I FØRDE KOMMUNE

|  |   |  |                 |   |       |
|--|---|--|-----------------|---|-------|
| Møtestad:  | Formannskapsalen                                | Møtedato:  | 06.12.2011      | Frå kl. :   | 08:00 |
|  |   |  |                 | Til kl. :   | 10:00 |
| <b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet :</b>   |   | <b>Møtte:</b>  | <b>Fortall:</b> | <b>Merknader :</b>  |       |
| 1. Anne Lise Bekjorden, Grovene 1, 6800 Førde.( Leiar )  |   | X  |                 |   |       |
| 2. Terje Engvik, Lindborg 6, 6800 Førde (Nestleiar)  |   | X  |                 |   |       |
| 3. Bjarte Urnes, Bakketunet 21, 6800 Førde   |   | X  |                 |   |       |
| 4. Mariann Njøsén, Råkane 51, 6800 Førde   |   | X  |                 |   |       |
| 5. Per Arne Kloven, Storetungrova 17, 6800 Førde   |   |  | X               |   |       |
| <b>Personlege varamedlemmer :</b>  |   | <b>Møtte:</b>  |                 |   |       |
| 1. Monica Alisøy Kjelsnes, Lysthaugen 1b, 6800 Førde   |   |  |                 |   |       |
| 2. Ludvig Birkeland, Holten 23, 6800 Førde   |   |  |                 |   |       |
| 3. Harald Sandvik, Bingsa 7, 6800 Førde  |   |  |                 |   |       |
| 4. Kåre Myklebust, Holten 18, 6800 Førde   |   |  |                 |   |       |
| 5. Rune Fauske, Steinavegen 29, 6800 Førde.  |   | X  |                 |   |       |
| <b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>  |   |  |                 |   |       |
| Ordfører Olve Grotle og rådmann Ole John Østenstad får tilsendt møteinnkalling til møta i utvalet.                 |   |  |                 |   |       |
| <b>Andre som møtte:</b>  |   |  |                 |   |       |
| SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.  |   |  |                 |   |       |
| KRYSS Revisjon v/Terje Førde, Charles Litsheim og Kari Håheim Sygna. sak 041/11                                    |   |  |                 |   |       |
| Rådmann Ole John Østenstad sak 041/11 og 039/11  |   |  |                 |   |       |
| Assisterende rådmann Lise Mari Haugen. sak 041/11  |   |  |                 |   |       |
| <b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet :</b>  |   |  |                 |   |       |
| <b>SAKLISTA I MØTET :</b>  |   |  |                 |   |       |
| 038/11   | Godkjenning av innkalling og sakliste.          |  |                 |   |       |
| 039/11   | Skriv og meldingar.                             |  |                 |   |       |
| 040/11   | Forvaltningsrevisjon - Val av prosjekt - Førde. |  |                 |   |       |
| 041/11   | Overordna analyse.                              |  |                 |   |       |
| 042/11   | Oppfølgingsliste 7-2011 - Førde.                |  |                 |   |       |
| 043/11   | Eventuelt.                                      |  |                 |   |       |
| <b>Merknader :</b>   |   |  |                 |   |       |
| Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.   |   |  |                 |   |       |
| <b>UNDERSKRIFTER :</b>   |   |  |                 |   |       |
| <br>Anne Lise Bekjorden (leiar) |   | <br>Terje Engvik  |                 | <br>Rune Fauske |       |
| <br>Mariann Njøsén              |   | <br>Bjarte Urdal |                 |   |       |
| <br>Asgeir Tveit, sekretær      |   |  |                 |   |       |

## 038/11 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 30.11.2011

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 06.12.2011 | 038/11           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Bystyret        | -          | -                | -      | Nei               |

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

## 039/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat  
Dato: 30.11.2011.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 06.12.2011 | 039/11           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Bystyret        | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg

SM 38-11: Tertialrapport pr. 31.08.2011.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 040/11: FORVALTNINGSREVISJON - VAL AV PROSJEKT - FØRDE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat  
Dato: 30.11.2011

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 06.12.2011 | 040/11           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Bystyret        | -          | -                | -      | Nei               |

### Dokument i saka

- E-post frå Sekom-sekretariat til Kryss-revisjon om Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt Førde kommune -- innkalling til kontrollutvalsmøte, datert 19.10.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Dokumentet Overordna analyse Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2008 - 2011 Førde kommune.
- Plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune 2008 – 2011.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet.....
- SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet utset saka.

## **FORVALTNINGSREVISJON - VAL AV PROSJEKT - FØRDE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet har ansvar for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon årleg. Kontrollutvalet skal velje nytt prosjekt.

### **Saksopplysningar:**

Forvaltningsrevisjon er heimla i kapittel 5 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

#### **Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon**

##### **§ 9. Forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

##### **§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordna analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

##### **§ 11. Rapportar om forvaltningsrevisjon**

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

##### **§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar**

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapportar om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlegare saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Kontrollutvalet skal sjå til at verksemda i kommunen årleg vert gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalet fekk presentert overordna analyse av KRYSS-revisjon i møte 27.10 2008 i sak 010/08 Overordna analyse plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll.

Kontrollutvalet gjorde tilråding til bystyret om Plan for forvaltningsrevisjon 19.11.08 i sak 012/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 Førde kommune. 11.12.2008 gjorde bystyret i Førde i sak 073/08 Overordna analyse – plan for forvaltningsrevisjon vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. I planen er det gjort følgjande prioritering:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.
2. Sjukefråværet – årsak/samanheng.
3. Vurdere IT-/IKT-samarbeid.
4. Økonomistyring – økonomireglement/delegasjonsreglement.

Førde kommune har fått levert følgjande forvaltningsrevisjonsrapportar i førre valperiode:

- Vurdere ressursbruk og bemanning innan pleie og omsorg, datert 04.12.2009.
- Sjølvkostberekningar VAR-sektoren, datert 27.05.2011.

Det står såleis igjen tre prosjekt i planen for 2008 – 2011 som ikkje er gjennomførde.

Kontrollutvalet si oppgåve vert no å setje i gong arbeid med nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt med utgangspunkt i Plan for forvaltningsrevisjon.

Dokumenta ”Overordna analyse Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2008 - 2011 Førde kommune” og ”Plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune 2008 – 2011” vart leverte ut på kontrollutvalsmøtet 19.10.2011.

I planen for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 har bystyret gjeve kontrollutvalet høve til å endre prioritering av prosjekt og evt. velje andre prosjekt enn dei som står i planen.

Kontrollutvalet vedtok i kontrollutvalsmøte 19.10.2011 i sak 037/11 ”Eventuelt” følgjande: *”Kontrollutvalet tek på neste møte opp sak om val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontrollutvalet kallar inn revisor og rådmann i saka”.*

Sekom-sekretariat har 19.10.11 sendt e-post til Kryss-revisjon der vi orienterer dei om at dei vil bli kalla inn til møte i kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal velje nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er i e-posten skrive at kontrollutvalet ynskjer ved å kalle inn revisor å få informasjon om aktualiteten i noverande dokument for overordna analyse og informasjon om andre aktuelle prosjekt basert på vesentlegheit og risiko.

Rådmannen er også kalla inn til møtet i saka. Rådmannen er orientert om dette i e-post 19.10.2011.

Kontrollutvalet diskuterte på møtet den 19.10.2011 at det kan vere aktuelt å velje eit prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen i Førde kommune.

Etter val av prosjekt vil SEKOM-sekretariat forme ei tinging som vert handsama i neste kontrollutvalsmøte.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekom-sekretariat har i andre kommunar fått indikasjon på at prosjektet ”Sjukefråværet – årsak og samanheng” kan vere eit omfattande prosjekt og eit prosjekt som fort blir personavhenging og basert på synsing framfor måling mot handfaste kriterium. Statistikkar har også vist at langtidsfråvær er viktigaste årsaka til høge sjukefråværsprosentar og at tilfella er lette å identifisere. Eit prosjekt inn mot sjukefråvær meiner vi derfor kanskje bør omhandle

korleis Førde kommune følgjer opp eigne nedfelte retningsliner for oppfølging at sjukefråværet framfor å avdekke årsak og samanheng.

Vi vurderer det også slik at prosjektet "Vurdere IKT-samarbeidet" kan vere mindre aktuelt i dag enn då planen for forvaltningsrevisjon vart vedteken. Den gong planen vart laga var det no etablerte samarbeidet om SYS IKT på eit tidleg stadium.

Sekom-sekretariat har elles registrert at prosjekt inn mot innkjøpsordninga, i dei kommunar det har vore gjennomført, har vist at området har forbettringspotensiale. Prosjektet er også nyleg blitt valt av to andre kontrollutval i kommunar i Sunnfjord, og vil sannsynlegvis også bli valt av eit kontrollutval i ein tredje kommune i nær framtid. Eit val av prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen, vil såleis kunne vere effektivt med omsyn til revisor sitt arbeid.

Sekom-sekretariat meiner elles at innkjøpsfunksjonen er eit vesentleg område i Førde kommune, men vi har ikkje inngående kjennskap til risikovurderingane på området.



## 041/11: OVERORDNA ANALYSE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 30.11.2011

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 06.12.2011 | 041/11           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Bystyret        | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg:

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.

#### Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS Revisjon.
- Kontrollutvalet ber om at det vert ei rullering av overordna analyse utarbeidd i 2008.

Saksutgreiing

## **OVERORDNA ANALYSE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saka gjeld utarbeiding av overordna analyse som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015.

### **Saksopplysningar:**

Overordna analyse er heimla i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

#### **§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 - 2015. Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse. Overordna analyse har som føremål å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og å prioritere mellom ulike område der det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei nyttigaste forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte. Den overordna analysen har altså som føremål å sikre god og nyttig forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I samtalar mellom KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat er det avklart at KRYSS-revisjon vil ta på seg arbeidet med overordna analyse.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 042/11 OPPFØLGINGSLISTE 7-2011 FØRDE

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 30.11.2011

| <b>Utval</b>  | <b>Dato</b> | <b>Utv.-<br/>Saksnr.</b> | <b>Status</b> | <b>Vedtaks-<br/>organ</b> |
|---------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutval | 06.12.2011  | 042/11                   | -             | Ja                        |
| Formannskap   |             | -                        | -             |                           |
| Bystyret      |             | -                        | -             |                           |

### **Saksvedlegg.**

- Oppfølgingsliste 7-2011 Førde.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Oppfølgingslist 7-2011 Førde vert teken til vitande.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Oppfølgingslist 7-2011 Førde vert teken til vitande.

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 7-2011 FØRDE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 30. november 2011.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 7-2011 - Førde.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp   | Dato     | Merknad | Status   |
|--|----------|---------|--|
| 22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak  | 10.11.09 |         | 10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak<br>12.11.09 s/ brev til administrasjonen.<br>-Informasjon frå administrasjonen.<br>-Tertialrapportar.<br>-Tilsynsrapportar frå fylkesmannen.<br>-Informasjon frå revisor.<br>-Kvalitetsrapportar frå revisor. |
| 09/11 Orientering – Tilbod for mottak av farleg avfall i Førde kommune.                            | 08.03.11 |         | 08.03.11 KU vedtak – tek rådmann sin orientering til vitande.<br>- Ligg på oppfølgingsliste for seinare oppfølging.  |
| 023/11 Barnevernet i Førde – Fristbrot og manglande tilsyn og tiltaksplanar – orientering rådmann. | 26.08.11 |         | 26.08.11 Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande og saka vert sett opp på oppfølgingsliste for seinare oppfølging  |
| 024/11 Orientering – Tilbod for mottak av farleg avfall i Førde kommune.                           | 26.08.11 |         | 26.08.11 Kontrollutvalet tek orientering frå rådmann til vitande og saka vert sett opp på oppfølgingsliste for seinare oppfølging  |
| 033/11 Skriv og meldingar  | 19.10.11 |         | 19.10.11 Vedtak KU – Teke til vitande.   |
| 034/11 Opplæring   | 19.10.11 |         | 19.10.11 Vedtak KU – Bli invitert til folkevaldopplæring for Førde kommune. Delta på opplæring for kontrollutval på Skei 23.01.12.   |
| 035/11 Budsjett 2012 for drift av kontrollutvalet  | 19.10.11 |         | 19.10.11: Tilråding til bst.   |
| 036/11 Oppfølgingsliste 6-2011 Førde   | 19.10.11 |         | 19.10.11: Vedtak KU – Teke til vitande.  |
| 037/11 Eventuelt   | 19.10.11 |         | 19.10.11:<br>- Møta i kontrollutvalet skal starte kl. 09.00.<br>- I neste møte ta opp sak om val av forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kalle inn revisor og rådmann i saka.<br>19.10.11 E-post til revisor og rådmann.                                  |
| 038/11 Godkjenning av innkalling og sakliste.  | 06.12.11 |         |  |
| 039/11 Skriv og meldingar.   | 06.12.11 |         |  |
| 040/11 Forvaltningsrevisjon – Vala av prosjekt.  | 06.12.11 |         | 19.10.11 E-post til revisor og rådmann.  |
| 041/11 Overordna analyse.  | 06.12.11 |         |  |
| 042/11 Oppfølgingsliste 7-2011   | 06.12.11 |         |  |
| 043/11 Eventuelt   | 06.12.11 |         |  |

Oppdatert 30.11.2011

## 043/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 30.10.2011

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 06.12.2011 | 43/11            | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Bystyret        | -          | -                | -      | Nei               |

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet kallar inn KRYSS Revisjon til neste møte for å få ei forklaring på fordeling av kostnader mellom kommunane.
- Kontrollutvalet kallar inn KRYSS Revisjon til neste møte for å få orientering om rolla og oppgåvene til revisor.

### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.